


# Matrikkelen – Dine eigedomsgrenser, bygningar, bustader og adresser

## Kva er matrikkelen?

Matrikkelen er det offisielle eigedomsregisteret i Noreg. Det har informasjon om eigedomsgrenser, areal, bygningar, bustader og adresser. Matrikkelen inneheld opplysningar om dei fysiske eigenskapane til eigedomen. Om du vil sjå kva som er registrert på eigedomen din, kan du gå inn på [www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no) for å få eit utdrag, eller bestille matrikkelbrev frå kommunen for å få eit fullstendig oversyn.

«For å sjå kva som er registrert på eigedommen din, kan du gå inn på [www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no)»

Saman med einingsregisteret (Brønnøysundregistra) og folkeregisteret er matrikkelen eit av dei tre basisregistra i Noreg. Mange aktørar hentar ut informasjon frå matrikkelen, og det er difor viktig at den registrerte informasjonen er truverdig. Alle eigedomar er identifiserte med eit unikt nummer, kalla matrikkelnummer. Matrikkelnummeret består av kommune-nummer, gardsnummer, bruksnummer og eventuelt feste-nummer og/eller seksjonsnummer. For å finne eigedomen din på [norgeskart.no](http://norgeskart.no) kan du søkje på matrikkelnummeret eller adressa.



## Kva kan opplysningane bli brukte til?

- Naudetatane skal finne fram når dei rykker ut
- Adresser for post og bodtenester
- Vurdere godtgjerdelse ved ekspropriasjon
- Å føre bevis ved domstolane
- Tilskottsutrekning i landbruket
- Eigedomsutvikling
- Eigedomsskatt
- Søknad om frådelling, byggesøknad og regulering etter plan- og bygningslova.

## Brukarar av matrikkelen er mellom andre:

- Kommunane
- Naudetatane
- Tinglysinga
- Posten
- Noregs Bank
- NAV
- Statistisk sentralbyrå
- Landbruksstyresmaktene
- Forsikringsselskap
- Statens vegvesen
- Domstolane
- Skatteetaten
- Brønnøysundregistra
- Navigasjonstenester
- Anleggsmaskinarr

## Kvar går grensa?







Grensene i matrikkelen er kartfesta med koordinatar. Grenser etter 1980 er hovudsakleg målte med moderne måleteknologi, som sikrar god målepresisjon. Eldre grenser har derimot varierende presisjon og kan avvike med fleire meter frå det rette målet. Grenser i tettbygde strøk er ofte meir nøyaktige enn grenser i grisgrendte strøk.



Oppmålte eigedomsgrenser skal i hovudsak vere merkte med offentleg godkjende grensemerke ute i marka. Grensemerke frå 2015 og seinare skal sjå ut som merket til høgre. Grensemerke i jordskiftesak og merke frå før 2015 har anna preg.

Fargekodane i matrikkelen fortel kor nøyaktige dei registrerte grensene er. Grøne grenser er mest nøyaktige, og minst nøyaktige er raude grenser, som berre skisserer ei grense. Mellom grønt og raudt er det middels og mindre nøyaktige grenser. Om eigedomen er markert med ei stipla hjelpelinje, finst det ikkje registrerte grenser i kartet. Det må presiserast at fargekodane gjeld i matrikkelen – andre kartløyseringar kan ha andre fargekodar.

## Tegnforklaring grenselinjer:

	<b>Nøyaktig måling</b>		<b>Lite nøyaktig</b>
	<b>Middels nøyaktig</b>		<b>Skisserte, ikkje nøyaktige grenser</b>
	<b>Mindre nøyaktig</b>		<b>Hjelpelinje fiktiv</b>

## Kva kan du gjere om matrikkelen er feil?

### • Bestille oppmålingsforretning

Ei oppmålingsforretning er ei avklåring av eigedomsgrensene, og grensene blir koordinatfesta med presisjon etter dagens standard. Kommunen som lokal matrikelstyresmakt har ansvar for gjennomføring av oppmålingsforretning. Ta kontakt med kommunen for å få meir informasjon.

### • Krevje retting

Om du har dokumentasjon på at opplysningar om bygningar, bustader, adresser eller eigedommar er feil, kan du kontakte kommunen og krevje at dei blir retta etter [matrikellova § 26](#). Gjeld rettinga eigedomsgrenser, må naboane vere samde med deg. Kommunen, naboar og andre kan også ha dokumentasjon. Det kan vere skylddelingar eller ann.

### • Avtale om eksisterande grense

Eigarane kan inngå ein avtale om eksisterande grense og be om å få registrert grensa i matrikkelen. Sjå [matrikkelforskrifta § 44](#).

### • Krevje sak for domstolane

Om noko er uklart, om det er usemje eller noko er usikkert, kan ein vurdere å få avklara grensene ved domstolane, anten av tingretten eller jordskifteretten. Sjå [www.domstol.no](http://www.domstol.no).

## Treng du meir informasjon, kan du kontakte:

### Kommunen

Sjå nettsidene til kommunen der eigedommen er.

### Kartverket

Telefon: 32 11 80 00  
[www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

### Lover og føresegner

[www.lovdato.no](http://www.lovdato.no)



Kartverket